

## Ålesund sjukehus

Helse Sunnmøre HF utøvar spesialisthelseteneste til innbyggjarane på Sunnmøre. Verksemda er fordelt mellom Ålesund sjukehus, Volda sjukehus, Mork Rehabiliteringssenter og Nevrohjemmet Rehabiliteringssenter.

1. Pasientbehandling
2. Opplæring av pasientar og pårørande
3. Forsking
4. Utdanning av helsepersonell

Helse Sunnmøre HF  
Ålesund sjukehus  
6026 Ålesund

# Velkommen til Ålesund sjukehus



## Om oss

Ålesund sjukehus ligg i Ålesund kommune, 9 km aust for Ålesund sentrum. Sjukehuset tilbyr diagnostikk, behandling, rehabilitering og pleie for pasientane på Sunnmøre. Vi har ein god stamme av velkvalifiserte legar, sjukepleiarar og anna personale. Ålesund sjukehus har fylkesfunksjonsoppgåver for innbyggjarane i Møre og Romsdal

**Pasientrettar**  
Som pasient har du rett til å få informasjon og opplysingar om din eigen sjukdom, om undersøkingar og behandling, og om dine rettar. Helse Sunnmøre har eit spesielt fokus på pasientmedverknad.

Alle tilsette ved Helse Sunnmøre har teieplikt.

## Nyttig å vite

**Barn på sjukehus**  
Det er spesielle rettar for barn på sjukehus, som mellom anna sikrar skuletilbodet.

**Parkering**  
Parkeringsplassen er døgnopen og er tilrettelagt for enklare betalingsmåtar – kort eller kontant.

**Banktilbod**  
Dei fleste poliklinikkane og informasjonen i hovudvestibylene har kortterminal. Informasjonen er den einaste plassen du kan betale kontant.

**Minibank** er plassert i hovudvestibyla.

**Apotek**  
Apoteket ligg på nordsida av sjukehuset, i nærleiken av poliklinikkinngangen (til kart over sjukehusområdet).  
Opningstidene er mandag - fredag: kl. 09:00 - 16:00, laurdag: kl. 09:00 - 13:00.

## Kafe/kiosk

Vil du ha ein matbit, finn du sjukehuskafeen i korridoren ved poliklinikkane nord i bygget. Kafeen er open mandag – fredag frå kl 09:00 – 15:00.

I hovudvestibylene finn du sjukehuskiosken som er open mandag – fredag frå kl 09:00 – 19:30. Laurdag kl 10:00 – 18:00 og søndag kl 12:00 – 19:30. Vi serverer kvar dag ulike middagsrettar.

**Måltid for inneliggjande gjestar/pasientar.**

Fredag til mandag:  
Frukost kl. 08:30  
Lunsj kl. 12:00  
Middag kl. 16:00

Helg:  
Frukost kl. 08:30  
Middag kl. 12:00  
Kveldsmat kl. 17:00

## Bruk av mobiltelefon

Det er tillate bruk av mobiltelefon på alle avdelingar med unntak av intesivseksjonane.

**Pasienttelefon**  
På avdelingane er det telefonar ved alle sengene.

**Pasientbibliotek**  
Pasientbiblioteket er lokalisert i underetasjen, og har ope mandag til fredag kl 08:00 - 15:30.

**Visittid**  
Kvar dag frå kl. 14:00 – 19:00. Ein vil oppmode besøkande om å ta kontakt med den enkelte avdeling i forkant av pasientbesøket. Barselpasientane ved kvinneklinikken har kviletid frå klokka 13.00 til 15.00, elles er det same visittider her.